



HEMSEDAL KOMMUNE



Reglement for oppgåveutval i Hemsedal kommune

Vedteke 14.12.2022 i Kommunestyret, sak 125/2022

1. Formål

Kommunestyret kan med heimel i kommunelova § 5-7 sette ned oppgåveutval for å ivareta tids- og saksavgrensa oppgåver innanfor organet sitt arbeids- og ansvarsområde. Oppgåveutvala kan ikkje tildelast vedtaksmynne, men innstiller ovanfor det organet dei er oppnemnde frå. Utvalet vil vere av midlertidig varigheit knytt til konkrete og pågåande saker, og vert fortrinnsvis lagt ned etter utført mandat.

2. Oppnemning

Det er Kommunestyret som oppnemner politiske oppgåveutval der ein finn det formålstenleg i høve til forsvarleg og hensiktsmessig utgreiing av ein konkret sak. Det er kommunestyret sjølv som vel leiar, nestleiar, andre medlemmer og eventuelle varamedlemmer i utvalet. Kommunestyret fastset kva slags saker utvalet skal handsame og kor lenge funksjonstida skal vare. Medlemmer i oppgåveutval mottek godtgjersle etter det godtgjerslereglementet som til ein kvar tid er gjeldande.

§ 7-2 i kommunelova skildrar valbarheit og plikt til å ta imot val. Paragrafen gjeld også for det lova omtalar som utval (også oppgåveutval).

Ein person er valbar og har plikt til å ta imot val om følgjande vilkår er oppfylte:

- a. Han eller ho har røysterett ved kommunestyre- og fylkestingval
- b. Han eller ho er innført i folkeregisteret som busett i kommunen eller i ein av kommunane i fylket på tidspunktet for det aktuelle valet.
- c. Han eller ho har skriftleg samtykka til å stille til val.

Med dette meinast det at kommunestyret kan sette ned utval med ulike personar så framt dei innfrir reglane for valbarheit.

3. Bruk

Oppgåveutvalet kan oppnemnast i samband med:

- Konsekvensutgreiing av store kompliserte saker kor tværfaglege vurderingar er viktige
- Saker som treng rask politisk vurdering og avgjersle
- Saker som har behov for eit brent samansett utval med mellom anna representantar som ikkje er medlemmer i kommunestyret

Det er ikkje avgrensing på kor mange oppgåveutval som kan vere aktive samtidig.

4. Samansetting

Politisk oppnemnde oppgåveutval består av minimum 3 medlemmar. Fleire enn 3 medlemmar kan veljast, avhengig av saka si art og kompleksitet. Leiari i utvalet skal vere ein kommunestyrerepresentant (fast medlem eller varamedlem). Ordførar har møte- og talerett i alle oppgåveutval. Andre medlemmar i utvalet kan oppnemnast frå politiske parti, næringslivet, brukargrupper og organisasjonar, utifrå kompetanse og interesse for saka. Ein skal ivareta kjønnsfordeling så langt dette er mogleg. I særskilte tilfelle kan det avgjerast at alle parti skal vere representert med 1 representant.

Tilsette frå administrasjonen kan ikkje sitte i utvalet, men kan delta som konsulentar, rådgjevarar eller referansegrupper for utvalet. Sekretærfunksjonen vert handsama fortrinnsvis av eit av medlemmane, av kommunedirektør eller den han har delegert oppgåva til. Sekretærfunksjonen vert avklart i samband med oppnemning av utvalet. Samansetting av administrative ressursar til dei ulike oppgåveutvala vert utpeika av kommunedirektør.

5. Mandat

Ved oppnemning av eit oppgåveutval skal det utformast eit klart mandat kor følgande punkt går fram:

- Kva oppdraget går ut på/utvalet sitt mandat
- Tidsramme for arbeidet
- Økonomiske rammer
- Rapporteringar
- Funksjonsfordeling (leiari, sekretær, konsultative ressursar, referansegruppe)

6. Møter

Oppgåveutvalet skal ha møter når leiaren finn det påkravd eller der minst 1/3 av medlemmane krev det. Utvalet vert kalla inn til møte med 7 dagars varsel så langt det lar seg gjere. Leiaren for utvalet set opp agenda/saksliste for det enkelte møtet. Som hovudregel skal det lagast møteplan for arbeidet.

7. Rapportering

Oppgåveutvalet skal ved avslutting av arbeidet utforme skriftleg rapport til oppdragsgivar med konklusjonar i høve til mandatet. Utvalet skal også skissere opplegg for vidare saksgang/framdrift av den aktuelle saka. Rapporten vert som hovudregel oversendt som sak til kommunestyret med

konklusjon eller innstilling. Kommunedirektøren er ansvarleg for å lage saksgrunnlag som følgjer rapporten. Utvalsleiar gjer greie for saka i kommunestyremøtet.

8. Avslutning

Oppgåveutvalet vert lagt ned etter ferdigstilt oppdrag.